



DEN NORSKE KYRKJA

Brekke sokneråd

Dato: 07.04.2017
Arkivsak 17/00004
Dokumentnummer: 17/00004-001
Arkivkode: 012.1
Saksbehandler: Trude Brosvik

| Saksnr | Sak | Møtedato |
|--------|--|------------|
| 010/17 | Høyring om forslag til nye reglar for val av sokneråd, bispedømmeråd og Kyrkjemøte | 18.05.2017 |

Saksfremstilling

Saka er sendt på høyring frå Kyrkjerådet, og har høyringsfrist 14.juni 2017.

Alle framlegg i høyringa er innanfor dei føringar som ligg i dagens kyrkjelov.

Det er fleire overordna problemstillingar å ta stilling til:

Del 2:

1. *Direkteval eller kombinasjonsval av direkte og indirekte valomgang ved val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet*
2. *Tilskotsordning for finansiering av nomineringsgrupper mm*
3. *Personvalreglar*
4. *Valkrinsar og stemmekrinsar*

Del 3:

Stemmerett og manntal

Del 4:

Val av medlemmer til sokneråd og val av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Del 5:

Val av andre representantar til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet

Del 6:

Felles bestemmelsar

Del 7:

Konsekvensar

I del 2 ligg dei overordna problemstillingane, og i staden for å skrive dei inn i saka viser eg til høyringsbrevet og skriv berre mi vurdering og tilråding.

Valordning

Vurdering: Å vidareføre dagens ordning der kvart bispedømme kan velje mellom direkte val på alle medlemmer eller ei kombinasjonsløyning med nokre valt direkte og nokre av sokneråda, syns eg er for lite prinsipielt for ei valordning. Då står det mellom å ha ei valordning der alle har kombinasjonsval, eller der alle leke medlemmer blir valt direkte av medlemmane i kyrkja. (Dette gjeld bispedømmeråd og Kyrkjemøte. For sokneråda sin del blir alle direkte valt.)

Tilråding: Alle medlemmer blir valt med direkte val.

Nominasjon

Vurdering: Det er litt spesielt at ein skal ha ein valt nominasjonskomite som skal kome med forslag til ei nominasjonsliste som speglar breidda av meiningar i kyrkja, og som skal legge fram si liste til ein bestemt dato. Deretter kan «særgrupper» sjekke om dei syns dei er godt nok ivaretekne, og så kome med sine egne lister. Og så til slutt kan opphøveleg liste ha supplerings-nominasjon for å kome dei nye listeframlegga i



DEN NORSKE KYRKJA

Brekke sokneråd

møte / oppvege mot dei. Dette er, slik eg ser det, ei ordning for spesielt interesserte, og legg opp til spel-situasjonar og auka motsetnader.

Tilråding: Alle bør ha same frist til å levere lister. Dei ansvarlege for listene (tillitsvalde for lista) får ein frist etter innlevering til å saman vurdere om det er opning for å samle seg om ei liste, og har fullmakt til å gjere endringar. Om ein ikkje vert samde om felles liste, vil valet gå føre seg med det talet lister som er levert inn, som eit forholdstalsval.

Når det gjeld tilskotsordning til ulike nominasjonskomitear, så bør det vere ei søkbar, sentral tilskotsordning som likebehandlar alle alternative lister.

Personvalreglar

Vurdering: Det er eit mål å ha reglar som ikkje gjev grupper/geografiske område høve til aksjonar. Tal ekstrastemmer, evt. slengarar og strykingar må ta omsyn til det. Det kan såleis vere nyttig å ha ei sperregrense, lik det ein har på fylkestingsval, på personleg stemmetal.

Tilråding: Halde fast på å kunne gje tilleggstemmer, avgrensa til tre, og samtidig ha ei sperregrense for personval lik den som er på fylkestingsval (8%). Det vert ikkje opna for førehandskumulering / stemmetillegg.

Valkrinsar

Vurdering: Å tillate stemming på valdagen i andre sokn enn dei ein høyrer til i, vil medføre mykje ekstraarbeid / lange reiser. Det må vere nok å kunne førehandsrøyste. Hos oss blir stemmene talt opp lokalt i kvart sokn.

Tilråding : På valdagen kan ein berre stemme i det soknet ein høyrer til.

Stemmerett og manntal

Vurdering: Høyringa reiser spørsmål om å innføre skjæringsdato for manntalet til 30.juni, slik som for andre val. Det vil gje meir oversiktlege og rettare lister på valdagen, og også kunne gjere at folk kan sjekke at dei står som medlemmer i rett sokn. Når det gjeld manntal for leke tilsette, så bør ein vurdere å redusere grensa frå 15 timar i veka til 20% stilling (ein arbeidsdag i veka). Vi har mange tilsette i kyrkja i små stillingar, og desse bør kunne vere valgbare som leke tilsette.

Tilråding: Vi støttar framlegget om skjæringsdato 30.juni på manntalet. Vi ber om at ein vurderer eit krav om 20% tilsetning (i staden for 15 timar) for å kunne stå i manntal for leke tilsette og dermed også kunne veljast som lek tilsett.

Forslag til vedtak

Soknerådet sluttar seg til tilrådingane i saksutgreiinga.

Møtebehandling

Kyrkjeverja gjekk gjennom framlegget.

Vedtak

Soknerådet sluttar seg til tilrådingane i saksutgreiinga.